

Fravær

Reglement

Dokumentasjon

10%



Orden



Vitnemål

Vurderingsgrunnlag

Fråværsreglement

Gjeldande frå 1.august 2016.

Dette reglementet er ein del av [ordensreglementet](#) i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Det vert vist til Forskrift til Opplæringslova §3-47 Føring av fråvær i vidaregåande opplæring, og gjeldande ordensreglement for dei fylkeskommunale vidaregåande skulane i Møre og Romsdal. Denne rutinen er eit vedlegg til ordensreglementet.

Fråvær i vidaregåande skule

Det vert rekna som fråvær når eleven ikkje er til stades i opplæringa.

Føring av fråvær

§1. Fråværet skal førast av faglærer fortløpande, og normalt i løpet av veka. Fråvær som er kortare enn ein time, skal registrerast i minutt.

§2. Det er eleven sitt ansvar å dokumentere fråværet i forhold til kontaktlærer. For at dokumentert fråvær skal bli synleg i Skoleraena, må kontaktlærer inn og endre fråværsårsaka. Dersom eleven er fråværande heile dagen, skal timefråvær gjerast om til heildagsfråvær.

Kontaktlærer har ansvar for at dokumentasjon blir oppbevart så lenge det er nødvendig for føremålet. Oppbevaringa skal vere i samsvar med skulen sine rutinar.

§3. Eleven pliktar å følgje med på eige fråvær. Eleven må melde frå om eventuell feilføring til faglæraren innan 2 veker etter fråværsdato. Eleven må også melde frå om timefråvær som skal gjerast om til heildagsfråvær, seinast innan 2 veker. Etter 2 veker vil det ikkje bli gjort endringar.

§4. Dersom ein elev sluttar i eit fag, skal eventuelt fråvær førast fram til registrert sluttdato.

Dersom ein elev byttar fag, skal fråvær i tidlegare fag ikkje følgje med. Det same gjeld elev som skiftar skole.

§ 5. Dersom det blir gitt opplæring i fleire fag samtidig, for eksempel fagdagar eller skoleturar, må faglærarane i samband med fastsetjing av skolens årsplan, avklare kva fag det blir undervist i denne dagen, og korleis timane er fordelt på faga.

Dokumentasjon/Eigenmelding:

§6 Alt fråvær skal førast. Alt fråvær skal dokumenterast og takast hand om av kontaktlærer for å unngå ordensmerknadar, som ein slags eigenmelding. Slik dokumentasjon kan for eksempel vere:

- erklæring frå lege eller tannlege
- timekort frå køyreskule
- stadfesting på deltaking på turar eller møter med ulike organisasjonar som korps, idrettslag, foreiningar
- beskjed frå elev eller føresette om fråvær, for eksempel via sms, epost eller telefon

Det er eigne unntak for dokumentasjon som omfattar 10% fraværsgrænse, sjå §11 og vidare i reglementet.

§7. Dersom det er mogleg, skal eleven dokumentere fráværet på førehand. Ved sjukdom skal skulen ved kontaktlærer eller faglærer, ha melding i løpet av første fráværsdag. Dersom eleven må forlate skulen pga. sjukdom eller andre årsaker, skal faglærer eller kontaktlærer ha beskjed.

§8. Eleven kan krevje at årsaka til fráværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet eller kompetansebeviset, dersom han eller ho legg fram dokumentasjon på årsaka til fráværet.

Frávær som ikkje er dokumentert

§9. Frávær utan dokumentasjon kan føre til nedsett karakter i orden eller åtferd.

§10. Om eleven kjem for seint, forlet klassen eller ikkje møter frå delar av opplæringa utan at dokumentasjon vert lagt fram, skal det registrerast som brot på reglementet.

10% -regelen

§ 11.

Dersom ein elev har meir enn 10 prosent udokumentert frávær i eit fag, vil han eller ho som hovudregel ikkje ha rett til å få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i faget, og læraren kan heller ikkje sette slike karakterar.

Unntak kan gjerast dersom fráværet skuldast følgjande:

- a. helse og velferdsgrunner
- b. arbeid som tillitsvalgt
- c. politisk arbeid
- d. hjelpearbeid
- e. lovpålagt oppmøte
- f. representasjon i arrangement på nasjonalt eller internasjonalt nivå, f.eks. idrett eller kultur
(jf. § 3-47 femte ledd a til f)
- g. Elevar vil også kunne få unntatt frávær på inntil to dagar til religiøse høgtider utanom Den norske kirke, jf. § 3-7 åttande ledd.

Presiseringar pkt a – g : Bestemmelsen i § 18 gjeld.

§ 12. For å kunne gjere unntak for helsegrunnar må det leggjast fram uttalelse frå lege eller anna sakkyndig.

Fråver som skuldast kronisk sjukdom kan dokumenterast med eigenmelding frå føresett for umyndige elevar eller frå myndige elevar, når det på førehand er lagt fram uttalelse frå lege eller anna helsefagleg sakkyndig som opplyser at eleven har ein kronisk sjukdom, eller at eleven er under langvarig behandling eller utgreiing av mogleg sjukdom.

Ny uttalelse frå lege eller anna helsefagleg sakkyndig må leggjast fram når rektor krev det.

§ 13. Eleven har sjølv ansvaret for å dokumentere fråveret. Dokumentasjon skal leggjast fram så snart som mogleg.

Bestemmelsen i § 2 og §6 gjeld tilsvarande.

§ 14: Viktige reglar om saksbehandling

Elev som står i fare for å nå fråversgrensa skal ha skriftleg varsel om fare for ikkje å få vurdering med karakter etter forskrift i opplæringslova § 3-7. Slik varsel skal også sendast til føresette for umyndige elevar.

Varsel skal sendast i god tid slik at det er mogleg for eleven å unngå at fråversgrensa blir nådd. Vi anbefaler at varsel blir gitt ved 5% fråver.

Rektor må sikre at reglane og rutineane for varsel om fare for ikkje å få vurdering med karakter er kjend for alle lærarane.

Elev som har fråver på meir enn 10 % av årstimetall i faget skal ikkje ha vurdering med karakter. Rektor må fatte vedtak om dette. Vedtaket skal vere skriftleg og sendast eleven og føresette til umyndige elevar saman med informasjon om klageadgang. Vedtak om ikkje å setje standpunkt-karakter kan påklagast til fylkesutdanningssjefen. Eventuell klage skal sendast til skolen.

Rektor kan bruke skjønn for udokumentert fråvær inntil 15 %, dette gjeld i heilt spesielle tilfelle.

§15. Situasjonar som ikkje skal førast som fråvær

- a) Organisert studiearbeid og skuleadministrative gjeremål, som deltaking i elevråd eller fylkeselevråd med underliggjande utval, etter avtale med faglærer eller rektor, skal ikkje førast som fråvær. Med organisert studiearbeid meiner ein den delen av opplæringa der elevane etter avtale med skulen arbeider på eiga hand for å nå læreplanmåla. Studiearbeidet skal vere organisert eller tilrettelagt av skulen i større eller mindre grad for klasser, grupper eller enkeltelevar.
- b) Avtalar med rådgivar, helsesøster og pedagogisk-psykologisk teneste skal ikkje førast som fråvær. Eleven har plikt til å dokumentere avtalen.
- c) Utsett eksamen, særskilt eksamen og ny eksamen skal ikkje reknast som fråvær. Dersom eleven ikkje møter opp til eksamen, skal dette førast som fråvær.
- d) Elevar som deltek på andre aktivitetar i skolens regi (f.eks fagekursjonar) skal ikkje ha teljande fråver i fag dei skulle hatt undervisning i på skolen i den tida aktiviteten varer.

10-dagars regel - fråvær som kan krevjast ikkje ført på vitnemål eller kompetansebevis

§16 «For inntil samanlagt 10 skuledagar i skuleåret kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje blir ført på vitnemålet eller kompetansebeviset dersom det kan dokumenterast at fråværet skuldast:

- a. helse- og velferdsgrunnar
- b. arbeid som tillitsvald
- c. politisk arbeid
- d. hjelpearbeid
- e. lovpålagt oppmøte
- f. representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå
- g. inntil 2 dagar for elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja. Fråværet må være knytt opp mot ei religiøs høgtid.

Krav med tilhøyrande dokumentasjon bør fremjast fortløpande og seinast 2 veker etter fråværet.

Presiseringar pkt a – g : Bestemmelsen i § 18 gjeld.

§17. For at frávær som skuldast helsegrunnar ikkje skal førast på vitnemål/kompetansebevis, må eleven leggje fram legeerklæring som dokumentasjon. Frávær som skuldast helsegrunnar, må vare meir enn tre dagar, og det er berre frávær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for frávær på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan frávær strykast frå og med første fráværsdag.

§18. Presiseringar pkt. a. – f.

a) **Helse- og velferdsgrunner** kan vere:

- sjukdom
- gravferd
- sjuke barn

b) **Arbeid som tillitsvald** kan vere:

- representant i kommunen sitt ungdomsråd
- deltaking på møte eller i anna arbeid i Elevorganisasjonen

c) **Politisk arbeid** kan vere:

- landsmøtedelegat for eit politisk parti
- medlem i kommunestyret
- medlem i Ungdommens fylkesting
- medlem i Ungdomspanelet
- medlem i politiske utval på fylkesnivå
- partirepresentant i skuledebattar

d) **Hjelpearbeid** kan vere:

- deltaking i leiteaksjonar via humanitære organisasjonar
- deltaking i pålagte øvingar for trening til hjelpearbeid i humanitære organisasjonar

e) **Lovpålagt oppmøte** kan vere:

- innkalling til rettssak, vitneinnkalling
- sesjon

f) **Representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå** kan vere:

- deltaking i ulike idrettslege meisterskap eller stemne
- deltaking på konserter, kunst- og kulturarrangement

Utfyllende kommentarer

3 måter å se på fravær:

- Fravær i forhold til ordensreglementet
 - §§ 1 – 10 i *Fråværsreglementet* til fylket
- Fravær i forhold til 10%-regelen
 - §3-3 og §3-47 i forskrift til opplæringsloven
 - §§ 11- 15 i fylkets *Fråværsreglement*
- Fravær på vitnemålet
 - § 3-47 i forskrift til opplæringsloven
 - §§ 16 – 18 i fylkets *Fråværsreglement*

10%-grensen	Føring av fravær på vitnemål (f § 3-47)
I enkeltfag, kan påvirke karakteren	Samlet for alle fag, ingen kopling til karakterer i fag
Unntak gjelder timer	Unntak gjelder for dager, ikke timer
Ingen begrensning for dager eller timer unntak kan benyttes	Unntak begrenses til 10 dager per skoleår
All dokumentert sykdom kan unntas fra første dag	Fravær på grunn av sykdom som ikke er kronisk kan først unntas etter minst tre dager
Timefravær i forbindelse med behandling hos tannlege, BUP e.l. kan unntas	Timefravær i forbindelse med behandling hos tannlege, BUP e.l. kan ikke unntas
Helsefravær må dokumenteres med legeerklæring eller dokumentasjon fra annen sakkyndig, alene eller i kombinasjon med egenerklæring	Helsefravær må dokumenteres med legeerklæring

Regler i opplæringslovens forskrift i forhold til 10%-regelen:

§ 3-3. *Grunnlaget for vurdering i fag*

Grunnlaget for vurdering i fag er kompetansemåla i læreplanane for fag slik dei er fastsette i læreplanverket, jf. § 1-1 eller § 1-3.

Føresetnadene til den enkelte, frávær, eller forhold knytte til ordenen og åtferda til eleven, lærlingen eller lærekandidaten skal ikkje trekkjast inn i vurderinga i fag. I faget kroppsøving skal innsatsen til eleven vere ein del av grunnlaget for vurdering.

Eleven, lærlingen og lærekandidaten skal møte fram og delta aktivt i opplæringa slik at læraren og instruktøren får grunnlag til å vurdere eleven, lærlingen og lærekandidaten sin kompetanse i faget. Stort frávær eller andre særlege grunnar kan føre til at læraren ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter.

I vidaregåande skole skal eleven ikkje få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter ved frávær i meir enn 10 prosent av timane i faget. Eleven kan likevel få vurdering med karakter dersom det er dokumentert at frávær i meir enn 10 prosent av timane i faget skyldast slike grunnar som er nemnde i § 3-47 femte ledd bokstav a til f og åttande ledd. Dersom årsaka til fráværet gjer det klart urimeleg at fráværsgrensa på 10 prosent skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 prosent udokumentert frávær i eit fag, også få vurdering med karakter. Avgjerda ligg hos rektor. Læraren må i alle høve ha tilstrekkeleg grunnlag for å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter, jf. tredje ledd.

§ 3-47. *Føring av frávær i vidaregåande opplæring*

Alt frávær skal førast på vitnemålet og kompetansebeviset. Frávær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Rektor kan avgjere om frávær for den som er deltids elev, skal førast i dagar og timar eller berre i timar. For elevar som skal ha kompetansebevis, skal frávær førast på kompetansebeviset.

Eleven kan krevje at årsaka til fráværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet eller kompetansebeviset, dersom han eller ho legg fram dokumentasjon på årsaka til fráværet.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fráværet frå opplæringa på førehand.

For inntil samanlagt 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan ein elev krevje at følgjande frávær ikkje blir ført på vitnemålet eller på kompetansebeviset dersom det kan dokumenterast at fráværet skyldast:

- a) helse- og velferdsgrunnar
- b) arbeid som tillitsvald
- c) politisk arbeid
- d) hjelpearbeid
- e) lovpålagt oppmøte
- f) representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå.

For at frávær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet eller på kompetansebeviset, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Frávær som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre frávær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for frávær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan frávær strykast frå og med første fráværsdag.

Organisert studiearbeid og skoleadministrative gjeremål etter avtale med faglæraren eller rektor, skal ikkje reknast som frávær.

Innanfor ramma av 10 skoledagar kan elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, krevje at inntil to dagar frávær som er knytt opp mot ei religiøs høgtid, ikkje blir ført på vitnemålet eller på kompetansebeviset.

Ordensreglementet

Her finn du ordensreglementet som er gjeldande frå 1.8.2015.

Forskrift om ordensreglement for dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal Fylkeskommune

Vedteke av Fylkesutdanningsjefen 8.6.2015 jmf vedtak i Fylkestinget T-77/14

§1 Formål (§3-7)

Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø, som er rusfritt, fritt for mobbing, vald og anna krenkande åtferd. Formålet med ordensreglementet er å skape samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for alle i skulesamfunnet og legge grunnlaget for vurdering i orden og åtferd. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal difor innehalde reglar om orden og åtferd, reglar om kva for tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet, og reglar om framgangsmåten når slike saker skal handsamast.

§2 Virkeområde

Reglementet gjeld for alle elevar ved skulen. Reglementet gjeld i timane, i friminutta og på veg til og frå skulen.

Reglementet gjeld også ved opplæring og aktivitetar som vert gitt av skulen utanfor skulen sitt område, så langt dette ikkje er i strid med lokalgitte påbod eller forbod.

Elevane i vidaregåande opplæring har fastsette rettar og plikter etter opplæringslova og forskrifta til opplæringslova. Ordensreglementet gjeld i tillegg til desse rettane og pliktene.

§ 3 Rettane til elevane (§9a)

Elevane har rett til medverknad i saker som vedkjem miljøet på skolen.

HMS-kartlegging (§9a-4 og § 9a-5)

Alle skulane skal kvart år legge fram resultatata frå den årlege HMS-kartlegginga til behandling både i elevråd, skulemiljøutval og skuleutval.

Elevundersøkinga

Alle skulane skal kvart år gjennomføre elevundersøkinga og legge fram resultatata til behandling både i elevråd, skulemiljøutval og skuleutval.

Undervisningsevaluering

Alle skulane skal kvart år gjennomføre minst ei undervisningsevaluering og leiinga skal legge fram hovudresultata for skulen til handsaming både i elevråd, skulemiljøutval og skuleutval. Med hovudresultat legg ein til grunn ei samla vurdering av skulen. Gjennomføring av undervisningsevalueringa skal drøftast med elevrådet.

Rett til informasjon

Elevar som deltek i behandlinga av skulemiljøsaker, har rett til tilgang til den informasjon som er nødvendig for å utføre oppdraget. Denne retten til informasjon gjeld ikkje tilgang til opplysningar som er omfatta av teieplikt etter forvaltningslova §13.

Elevar som deltek i behandlinga av skulemiljøsaker, skal ikkje vere til stades når utvalet handsamar saker som er omfatta av teieplikt etter forvaltningslova § 13.

Elevane har rett til opplæring i skulemiljøarbeid og rett til nødvendig fritak frå undervisningstimar for å utføre oppgåvene slikt arbeid medfører.

-

§ 4 Læringsmiljø (§9a)

4.1.

Elevane har rett på eit læringsmiljø fritt for vald, tjuveri, mobbing, hærverk, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakassering, sjikane pga seksuell legning, religion eller livssyn og anna krenkjande åtferd.

4.2.

Elevane har rett på eit trygt læringsmiljø. Det er forbode å ha farlege gjenstandar og våpen på skulen sitt område eller ved aktivitet i regi av skulen.

4.3.

Elevane har rett på eit rusfritt læringsmiljø. Det er ikkje tillate å vere påverka av, bruke eller oppbevare noka form for rusmiddel på skulen sitt område eller ved aktivitet i regi av skulen.

4.5.

Elevane har rett på eit tobakksfritt læringsmiljø. Det er ikkje tillate å bruke tobakk, snus og e-sigarettar i skuletida eller ved aktivitet i regi av skulen.

4.6.

Det er ikkje tillate å bruke ansiktsdekkjande hovudplagg i skuletida.

§ 5 Pliktane til elevane

5.1.

Elevane skal ikkje forstyrre undervisninga.

5.2.

Elevane har plikt til å rette seg etter lover, reglement og instruksar som gjeld.

5.3.

Elevane skal møte dei tilsette og medelevane sine med respekt.

5.4.

Elevane skal varsle om mobbing som dei observerer

5.5.

Elevane er pliktige til å møte presis til opplæringa og delta aktivt.

5.6.

Elevane skal snarast mogleg ta kontakt med faglærar for å avtale korleis læringsarbeidet kan følgjast opp dersom dei ikkje kan følgje opp arbeid til avtalt tid.

5.7.

Elevane må oppdatere seg om læringsarbeidet som er gjennomført i periodar dei ikkje har vore på skulen.

5.8.

Elevane skal melde frå om fråvær frå første fråværsdag. Likeeins dersom dei må forlate opplæringa i løpet av skuledagen. Feriereiser skal reknast som fråvær og kan ikkje avtalast som organisert studiearbeid etter forskrifta §3-47.

For eksamen gjeld eigne fråværsreglar, [jmf. §3-28 a i forskrift til Opplæringslova.](#)

5.9.

Det er læraren som bestemmer kva, korleis og når utstyr (t.d. elektronisk utstyr) skal brukast i opplæringa.

5.10.

Læremiddel og utstyr som tilhøyrrer skulen og skulen sin eigedom elles skal brukast med omtanke. Hærverk og skade fører mellom anna til erstatningsansvar, jf skadeerstatningslova.

5.11.

Elevane skal som brukarar av skulebiblioteket følgje [utlånsreglane](#) (Sjå vedlegg til Ordensreglementet).

5.12.

Elevane har sjølve ansvaret for sine personlege eigendelar.

5.13.

Til grunn for bruk av PC i skulen er det fastsett [eit eige IKT-reglement](#) som gjeld for elevar ved dei vidaregåande skulane (Sjå vedlegg til Ordensreglementet).

5.14.

Det er elevane sitt ansvar at PC-en fungerer som han skal og kan brukast på det trådlause nettet til skulen.

5.15.

Når elevane brukar Internett skal dei følgje nettvett- og IKT-reglementet til skulen.

5.16.

Elevane skal følgje verne- og tryggleiksreglar og bruke dei arbeidskleda og verneutstyret som det vert sett krav om og/eller som er påbode av Arbeidstilsynet, departementet eller skulen.

5.17.

Fusk eller forsøk på fusk på prøver og innleveringar kan få konsekvensar for karakteren i åttferd. Elevane skal ha høve til å uttale seg munnleg til rektor før det vert teke avgjerd i saka. Ein konsekvens av å fuske er at arbeidet ikkje kan vurderast, og dette kan få konsekvensar for grunnlaget for vurdering i faget.

5.18.

Elevar som hindrar eller forstyrrar gjennomføringa av ei prøve, kan bortvisast frå prøva. Avgjerd om slik bortvising må fattast av rektor, med mindre denne har delegert mynde til faglærar.

5.19.

For eksamen gjeld reglane i forskrifta § 3-36 om bortvising og §3-37 om fusk/forsøk på fusk.

5.20.

Alle som deltek på ekskursjonar og reiser i regi av skulen, skal vise omsorg og respekt for dei andre deltakarane. Tidsrommet mellom avreise og heimkomst er å sjå på som skuletid, og ordensreglementet gjeld. Eleven skal følgje instruksar frå reiseleiingar og skal ta del i det oppsette programmet for turen. Brot på ordensreglane ved ekskursjonar/reiser i regi av skulen kan i grove enkelttilfelle føre til heimsending. Før det blir gjort vedtak om heimsending skal rektor og foreldre kontaktast. Eventuelle lokalgitte reglar kjem i tillegg, og sanksjonar må vere heimla i det overordna ordensreglementet.

[§ 6 Orden \(Forskrift til Opplæringslova §3-5\)](#)

Elevar skal ha god orden. Det er god orden å:

- Møte presis på skulen og til undervisninga
- Ha med nødvendige læremiddel og utstyr til undervisningsøktene, og å halde det i orden
- Gjere arbeid ein blir pålagt så godt ein kan og til rett tid
- Halde det ryddig på arbeidsplass og skuleområdet ellers

§ 7 Åtferd (Forskrift til Opplæringslova §3-5)

Elevane skal ha god oppførsel. Det er god oppførsel å:

- Ikkje forstyrre i undervisninga
- Ikkje banne eller bruke anna grovt språk
- Ikkje mobbe eller på andre måtar krenke andre fysisk, verbalt eller digitalt
- Ikkje vere valdeleg eller kome med truslar
- Vise respekt for eigedelane til skulen og andre
- Ikkje røyke, snuse eller vere påverka av rusmiddel
- Ikkje ha med farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område
- Ikkje fuske eller forsøke å fuske på prøver eller innleveringar
- Vere på skulen og delta i undervisninga heile skuledagen
- Vise respekt og være høflege mot kvarandre

§ 8 Sanksjonar

Elevane som bryt reglane i §4, §5, §6 eller §7, kan refsast etter reglane i paragrafen her. Andre refsingstiltak enn det som går fram av paragrafen her, kan ikkje nyttast.

Det er ikkje lov å bruke fysisk makt. Nøddrett og nødverje gir likevel ein viss rett for personalet på skulen til å gripe inn med fysisk makt for å stoppe basketak og slåsting mellom elevar. Personalet kan også verje seg sjølv mot elevar som er trugande eller valdelege, jf. §§ 47 og 48 i straffelova. Det kan difor, uti frå tilhøva, vere lovleg å bruke fysisk makt for å hindre at elevane skadar seg sjølve eller andre, eller skadar eigedomen til skulen eller andre.

I tillegg vil personalet på skulen ha plikt til å ha omsorg for elevane, og for å hindre krenkingar. I enkelte situasjonar vil tilsette difor ikkje berre ha rett, men også plikt til å gripe inn i situasjonar der elevar er truga. Dette følgjer av opplæringslova §9a-3, andre ledd. Ei slik plikt til å gripe inn oppstår ikkje dersom inngripen medfører fare for helsa til den tilsette.

Det er ikkje lov å refse ei gruppe kollektivt for noe enkeltelevar har gjort seg skuldig i.

I tillegg til refsingstiltaka kan det bli nødvendig å sette inn tilleggstiltak som t.d.:

- Ved skade eller tilgrising på skulen sin eigedom kan fylkeskommunen krevje istandsetjing
- Elevar kan få høve til å utbetre skadane sjølv dersom dette er føremålstenleg
- Elevar som har gjort hærverk, kan påleggast å rydde opp etter seg/utbetre skadar som er gjort når oppryddinga er arbeid eleven har føresetnad for å klare, og arbeidet står i rimeleg forhold til brotet på regelverket (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging og liknande.)
- Elevar kan bli erstatningsansvarlege etter dei alminnelge erstatningsrettslege reglane

Refsingstiltak utan klagerett

8.1.	Munnleg eller skriftleg påtale frå ein av dei tilsette ved skulen.
8.2.	Ordens-og åtferdsmerknader.
8.3.	Gjenstandar som blir brukt til å forstyrre undervisninga kan beslagleggast (Beslaglagde gjenstandar skal leverast attende til eleven).
8.4	Ulovlege og/eller farlege gjenstandar skal beslagleggast og kan overleverast til politiet.
8.5.	Rusmiddel vert beslaglagt og narkotika blir overlevert til politiet.
8.6.	Mobiltelefon, sigarettar, snusl e.l kan inndragast som ein sanksjon, eller som eit ordensmessig tiltak etter ei åtvaring.
8.7.	Rektor kan delegere til faglærar å utvise inntil 2 klokketimar. Ved slik bortvising har skulen framleis tilsynsansvar for eleven.
8.8.	Bortvising frå resten av skuledagen etter vedtak fatta av rektor.
8.9.	Kontakt med heimen og involvering av føresett for elevar som er under 18 år.

8.11. Følgjande refsingstiltak er enkeltvedtak og skal handsamast etter forvaltningslova:

8.11.1	Annulering av eksamen – etter vedtak fatta av rektor sjølv.
8.11.2	Bortvising frå eksamen - etter vedtak fatta av rektor sjølv.

8.11.3	Bortvising for ein heil skuledag - og inntil fem skuledagar etter vedtak fatta av rektor sjølv.
8.11.4	Vedtak fatta av fylkeskommunen v/fylkesutdanningssjefen om pålagt skifte av skule etter sak om vald eller mobbing.
8.11.5	Når ein elev vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skulen, eller når ein elev alvorleg forsømer pliktene sine, kan eleven visast bort for resten av skuleåret. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av skuleåret kan fylkeskommunen også vedta at eleven skal miste retten til vidaregåande opplæring etter §3-1 (Oppl.I.§3-8).
8.11.6	Nedsett standpunktkarakter i orden eller i åtferd .
8.11.7	Heimssending frå ekskursjonar.

§ 9 Sakshandsaming ved reaksjonar på brot på ordensreglementet der eleven har klagerett ([Forvaltningsloven](#))

Før det vert sett i verk sanksjonar, jmf ordensreglementet kapittel 8-11, skal eleven få høve til å forklare seg i skriftleg fråsegn og har rett til å få møte med den som skal ta avgjerda. For umyndige elevar skal foreldre/føresette informerast og gjevast høve til å delta i møte.

Vedtak etter kapittel 8-11 skal grunngjevast i eige brev. I grunngjevinga skal det viast til dei faktiske forholda vedtaket byggjer på og kva for reglar som er nytta. Eleven og dei føresette har rett til opplysningar om klagerett og klagefrist, og rett til å sjå eventuelle dokument i saka. (Fvl. §27, 3.ledd)

Klageretten gjeld sjølv om vedtaket kan setjast i verk umiddelbart. Eleven skal også få orientering om at det kan søkjast om at gjennomføring av sanksjonen blir utsett til handsaming av ein eventuell klage er slutført (Fvl §27, 3.ledd).

Klagehandsaming

- Ei klage skal vere skriftleg og grunngjeven. I klagen må det gjerast greie for dei tilhøva det vert klaga på, og klagen skal sendast til den instansen som har fatta vedtaket innan klagefristen – til vanleg 3 veker etter mottak.
- Klagen skal sendast til den som har gjort vedtaket
- Klage på bortvisning inntil 5 dagar skal sendast til rektor
- Klage på bortvisning for resten av skoleåret, eventuelt tap av opplæringsretten, skal sendast direkte til fylkesutdanningssjefen.
- Dersom rektor opprettheld bortvisningsvedtaket og ikkje tek klaga til følgje, skal rektor sende klagen med utgreiinga si og grunngjeving for dette vedtaket til fylkesutdanningssjefen som klageinstans.
- Eleven som har klaga på enkeltvedtaket, skal få kopiar av oversendingsbrevet, og rektor, eventuelt fylkesutdanningssjefen, si utgreiing og grunngjeving når klagesaka vert sendt vidare til klageinstansen.

Klageinstansar

Klagenemnda i Møre og Romsdal Fylkeskommune er klageinstans for vedtak fatta av rektor.

Fylkesmann er klageinstans for:

- Vedtak om annullering av eksamen ved fusk eller forsøk på fusk som er fatta av rektor sjølv.
- Vedtak fatta om bortvising frå eksamen som er fatta av rektor sjølv.

- Vedtak om bortvisning for resten av skoleåret som er fatta av fylkesutdanningssjefen.
- Vedtak om tap av opplæringsrett.

§ 10 Tillegg til ordensreglementet

I tillegg til ordensreglementet er det fastsett:

- [IKT-reglement](#)
- [Utlånsreglement](#)
- [Fråværsreglement](#)

For spesielle forhold som ikkje er dekte av ordensreglementet eller andre felles reglar som alt er gjevne av departementet eller fylkeskommunen, kan rektor fastsette tilleggsreglar etter behandling i skoleutvalet og elevrådet. Desse kan ikkje vere i staden for, eller i strid med reglementa.

Dette kan t.d. gjelde:

- Ekskursjonsreglement
- Reglar for kantina
- Internatreglement
- Reglar for skulekjøkken og verkstader
- Ordensteneste
- Utlånsreglement
- Reglar for skuleavisa
- Eventuelle andre spesielle tilhøve